

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.- 22.11.2018**

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegne av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Attraktive senter er viktige for utviklinga av det nye fylket, og det er avgjerande med felles regional politikk i Vestland fylke. Fylkesutvalet i Hordaland meiner det bør utarbeidast ein felles Regional plan for attraktive senter og regional føresegn for handel tidlegast mogeleg i valperioden 2019-22.
2. Fylkesutvalet rår difor til at prosjektleiar for Vestland fylke, saman med fylkesrådmennene i dei to noverande fylka, allereie i 2019 førebur planprosessen (utgreiingsarbeid m.m) i tråd med pkt. 1.»

### **Røysting**

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

### **Vedtak**

1. Attraktive senter er viktige for utviklinga av det nye fylket, og det er avgjerande med felles regional politikk i Vestland fylke. Fylkesutvalet i Hordaland meiner det bør utarbeidast ein felles Regional plan for attraktive senter og regional føresegn for handel tidlegast mogeleg i valperioden 2019-22.
2. Fylkesutvalet rår difor til at prosjektleiar for Vestland fylke, saman med fylkesrådmennene i dei to noverande fylka, allereie i 2019 førebur planprosessen (utgreiingsarbeid m.m) i tråd med pkt. 1.